

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet meiner at ein får svært mykje igjen for midlane som vert nytta på bokbåten. Ordninga og fartøyet er i tillegg å rekne som eiin institusjon og eit levande kulturminne i fylket. Bokbåten har vore med på å sikre eit desentralisert bibliotek- og kulturtilbod i snart 60 år.

Utvalet tilrår fylkestinget å styrke og vidareutvikle ordninga også etter vårsesongen 2020 og dei kommande åra.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, Frp) og fall

Innstillinga fekk 13 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, H) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåtenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale prosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.